www.hivolda.no

HØGSKULEN I VOLDA




# Norsk 2, 8.-13. (Nynorsk i opplæringa)



Vidareutdanninga er retta mot lærarar som ønskjer meir kompetanse i bruk av nynorsk i opplæringa. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar.

## Studieinnhald

Studiet er primært retta mot lærarar som underviser i grunnopplæringa. Målet med studiet er at studentane skal kunne drive god opplæring i nynorsk på alle nivå i grunnopplæringa i tråd med intensjonane i Kunnskapsløftet.

## Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet skal formidlast gjennom lesing av leksjonar, lesing av pensum og skriftleg refleksjon over dette. Studentane vil få rettleiing og vurdering frå lærarar, og produkta, som vert lagde i mappe for endeleg vurdering, skal vere resultat av ein prosess der også medstudentar har vore rettleiarar. Det vert lagt vekt på at studentane skal arbeide sjølvstendig med fagstoffet.

## Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet gir lærarar kompetanse til å drive god opplæring i nynorsk på 8.–13. årssteg.

**Studiepoeng / lengd:** 30 / 2 semester (1 år)

**Opptakskrav:** Fullført lærarutdanning

**Søknadsfrist:** 01. mars i Kompetanse for kvalitet

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no